



FYLKESMANNEN I HEDMARK

Landbruksavdelingen

Saksbehandler, innvalgstelefon
Jon Jamtli, 62 55 12 32

Vår dato
08.03.2013
Arkivnr.
008

Vår referanse
2013/712 (bes oppgitt ved svar)
Deres referanse

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Høyring av forslag om innskrenkingar i odelskretsen og endringar i reglane om odelsfrigjering

Fylkesmannen syner til Landbruks- og matdepartementet sitt brev av 23. januar 2013 med tilvising til høyringsnotatet med forslag til endringar som nemnt over.

Fylkesmannen vil peike på at odelsretten har djupe røter i Noreg, og har hatt stor sosial, økonomisk og politisk verknad. Odelsretten byggjer på at landbrukseigedomar ikkje skal vere ei vanleg handelsvare og eit spekulasjonsobjekt, men tvert om kan bli omsett til ein pris som gjer landbruksdrifta økonomisk forsvarleg. Odelsretten har verka godt med omsyn til kven som skulle overta, og den har gjevi slekta ei tilknytning til garden som ein nok elles ikkje ville hatt. Trongen for odelsretten som økonomisk «redningsplanke» for familien har endra seg mykje, og som nemnt i høyringsnotatet er slekta si tilknytning til garden ikkje like sterk i dag.

Fylkesmannen er einig i at det i fyrste rekke er dei som er *oppvaksen* på garden som har ei slik tilknytning til han at det kan forsvarast å gje løysingsrett i ei elles fri og lovleg omsetjing. I dag har utanom odlaren, også etterkomarane hans odelsrett dersom nokon av foreldra, besteforeldra eller sysken av foreldra har eigd heile eigedomen med odel. Som presisert i høyringsnotatet vil det i fyrste rekkje vere barna til eigaren som har slik tilknytning til garden som nemnt ovanfor sidan desse vanlegvis er vaksen opp der. Fylkesmannen er difor einig i forslaget frå departementet om å endre odelskretsen slik at berre barn av noverande og tidlegare eigar har odelsrett, men slik at også barnebarn av siste eigar med odelsrett skal ha odelsrett.

Fylkesmannen sluttar seg etter dette til departementet sitt forslag om innskrenking av odelskretsen.

Departementet tilrår å oppheva odelslova § 31 om odelsfrigjering ved overtaking av tilleggsareal til landbrukseigedom. § 31 i odelslova gir landbruksstyresmaktene heimel til å frigjere eigedom for eldre odelsrett der eigedomen er kjøpt for å styrke ein annan landbrukseigedom med arealressursar. Vår erfaring er at opninga for odelsfrigjering er til stor nytte der det er oppnådd svært gode driftsmessige løysingar ved kjøp av tilleggsareal, og den med odelsrett som har gått til løysingssak har få eller ingen planer om busetjing på eller drift av odelseigedomen. Etter vår vurdering er det sterke samfunnsomsyn som tilseier at den som har bygd opp ei verksemd knytt m.a. til leigejord bør få behalde dette ressursgrunnlaget der alternativet er ein dårlegare samfunnsmessig utnytting av eigedomen med tanke på busetjing og drift.

Det er dei dyktige og framtidsretta næringsutøvarane som søker å styrke sitt næringsgrunnlag ved å kjøpe tilleggsareal. På den andre sida har ein odelsrettshavarar som ikkje har konkrete planer for busetjing og drift. Etter vårt syn bør ein difor ha reglar

Postadresse:
Postboks 4034
2308 HAMAR

Kontoradresse:
Statens hus
Parkgt. 36, HAMAR

Telefon:
62 55 10 00

Telefaks:
62 55 10 31

Org.nr.: 974 761 645
Banknr. 7694.05.01675

E-post: postmottak@fmhe.no
Internett: www.fylkesmannen.no/hedmark

2350JJA

Side 1 av 2

om odelsfrigjering all den tid ein har reglar om odelsrett. Søknader om odelsfrigjering etter § 31 vil etter vårt syn representere samfunnsinteresser på lik linje med dei omsyn det offentlege søker å ivareta ved erverv av odelseigedom. Heimelen i § 30 om frigjering i desse tilfella skal etter det ein skjønner ikkje opphevast.

Vi er også kjent med at ligg føre forslag om å endra jordlova § 12, m.a. med tanke på å få meir omsetjing av tilleggsjord/areal. Da meiner vi at det også må vera mogleg for kjøpar av tilleggsareal å søkje odelsfrigjering dersom ein med odelsrett går til søksmål for å ta over dette arealet.

Fylkesmannen sluttar seg etter dette ikkje til departementet sitt forslag om å oppheva ordninga med odelsfrigjering av tilleggsjord.

Med hilsen

Haavard Elstrand
landbruksdirektør

Jon Jamtli
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes ut utan signatur.